

---

**Fra:** Eirik Knive <Eirik.Knive@hfk.no>  
**Sendt:** 24. oktober 2016 15:47  
**Til:** Bente Kopperdal Hervik  
**Emne:** Turskiltprosjektet - Løyvde midlar 2015 og utsetjing

Hei Bente, og takk form hyggeleg telefonkorrespondanse i dag om spørsmåla under. Eg gjengir her det vi vart einige om.

Bømarkane – utsett sluttrapportering. Krav om svar på om prosjektet kan slutførast innan 10.01.2017. Om ikkje skal midlane tilbakebetalast.

Marås-Namtveit – Utsatt sluttrapport til 1.05 2017.

Marøy - svar på parkering og vidare utvikling av prosjektet innan 10.01.2017. Om ikkje skal midlane tilbakebetalast.

Radøy kommune fekk midlar til tre prosjekt i 2015. Desse var Bømarkane, Marås-Namtveit og Marøy. Av ulike grunnar har me ikkje fått fullført desse prosjekta:

1. Bømarkane: Innhenting av grunneigarløyve har gått trått og det har også vore omfattande skoghogst i området i fjor og i år.
2. Marås-Namtveit: Me manglar avtale med éin grunneigar. Det har i haust vore omfattande skoghogst i området. Me ynskjer å venta med skiltinga til skogen er ferdig hogd.
3. Marøy: Dette er ein mykje nytta turveg, men det er ikkje gode nok høve til parkering i området. Dette må avklarast før me kan gå vidare med oppsetjing av skilta.

På bakgrunn av dette søker me å få utsett sluttdatoen for prosjekta.

Venleg helsing

**Eirik Knive**  
Rådgjevar  
Kultur og idrettsavdelinga | Idrett og friluftsliv



Tlf: 55 23 91 66  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no) | [www.facebook.com/aktivkvardag](https://www.facebook.com/aktivkvardag)